



Larsen og Solheim AS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/3781 - 16/3480

Saksbehandlar:

Benjamin Hicks

Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:

08.02.2016

Igangsettingsløyve for asylmottak - gbnr 99/31 Våge

Administrativt vedtak. Saknr: 088/16

Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarrett etter plan- og bygningslova (pbl) § 20-1, jf. § 21-2, 5. ledd.

SAKSUTGREIING:

Saka gjeld søknad om igangsetting av byggarbeider knytt til hotellbygget (asylmottak).

Kommunen har i vedtak av 03.12.2015 gjeve rammeløyve.

Det vert elles vist til søknad journalført 08.02.2016.

VURDERING

Vilkåra i rammeløyve av 03.12.2015 synes å vere stetta.

Etter at servicebygget brant ned er det motteken søknad om eit mellombels brakkebygg som skal ta vare på dei same funksjonane som servicebygget skulle inneha. Brakkebygget vert nå handsama i eige vedtak og atskilt frå asylmottaket. Skal asylmottaket nyttast utan at servicefunksjonane er på plass, må ein finne andre løysingar for dette i ein mellombels fase.

Som følgje av at branntomta ikkje er rydda, må det settast tilleggsvilkår for mellombels bruksløyve. Dette er avtalt med ansvarleg søkjar i dag den 08.02.2016 og tidlegare i møte saman med tiltakshavar.

Dette igangsettingsløyvet gjeld berre asylmottaket. Det gjeld ikkje bygg på bruksnr. 27.

Utomhusplan

Godkjent utomhusplan omfattar også bruksnr. 27. Dette igangsettingsløyvet gjeld også arbeider knytt til utomhusplanen.

Til orientering

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Kommunen har tidligere opplyst at vi vil kunne gje løyve til eit mellombels bygg (brakkebygg) i inntil eitt år. Dersom ein ikkje finn ei anna løysing enn bruk av brakkebygg, vil ein kunne søke om ei forlenging i samsvar med tidsramma som er gitt i rammeløyve. Søknaden vil då måtte sendast inn av ansvarlege føretak vedlagt dispensasjonssøknad. Det vert ikkje aktuelt å søke om dispensasjon for utviding av løyve eitt år om gangen.

Dispensasjonssvedtaket for mellombels bruksendring av hotellet til asylmottak gjeld fram til 12.11.2018. Skal det oppførast nye permanente bygg som ikkje skal fjernast etter at asylmottaket vert lagt ned i 2018, må dette skje gjennom ein reguleringplan. Det er heller ikkje pårekeleg å gje dispensasjon for tre nye år med tilsvarande drift, utan at dette er i samsvar med plan for området.

Vi vil råde dykk å tak kontakt med planavdelinga om omstart av ny reguleringsplan, som etter vår vurdering også bør omfatta areala omkring Vågseidestranda Feriesenter.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 vert det gjeve løyve til igangsetting for byggearbeider knytt til hotellbygget (asylmottaket) på følgjande vilkår:

1. Rammeløyve av 03.12.2015 med vilkår gjeld for tiltaket.

Før mellombels bruksløyve vert gjeve må følgjande vilkår verte stetta i tillegg til dei vilkåra som fram av rammeløyve av 03.12.2015:

1. Søknad om sanering av branntomt på gbnr 99/27 må sendast inn til godkjenning.
2. Det må ligge føre ferdigattest for dei arbeida som er nemnt under punkt 1.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/3781

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjar stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søkjar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande ligge føre:

- Ferdigattest/mellombels bruksløyve for VA-anlegget.
- Ferdigattest/mellombels bruksløyve for veg og avkøyrsløp.
- Avkøyrsløp til offentleg veg skal vere godkjent av vegstyresmakta.
- Rekkefølgjekrav i reguleringsplan skal være oppfylt.
- Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Jenfrid Jhr AS

Troldhaugvegen 5232
53

PARADIS

Mottakarar:

Larsen og Solheim AS